

Huldrefolket

Huldrefolket, eller dei underjordiske, var ofte å sjå før i tida. Dei var nedætta frå Adam, men ikkje frå Eva. I bibelen vanta det ei av Mosebøkene. Denne har paven gøymt. Der står fortalt at Adam fyrst hadde ei kona som heitte Lilia. Med henne hadde han mange born. Sume av desse var uvanleg vene, medan andre



var ljote(stygge). Dette lika ikkje Adam. Ein gong kom Vårherre og spurde Adam om han skulle få sjå borna hans. Adam synte han berre dei ljote. «Har du ikkje fleire ?» sa Vårherre. «Nei» svara Adam. «Vel» sa Vårherre, «dei som er dulde skal verta te huldre»

Ein kan ellers sjå det av vår bibel og at Adam hadde vore gift ein gong fyrr. For då han fekk Eva sa han «Denne gongen er det bein av mine bein og kjøt av mitt kjøt» Han kunne ikkje sagt det om han ikkje hadde havt ei kona fyrr.

Så langt frå Soga um Strand av *Holger Barkved*.

Som barn hørde eg ofte eldre folk tala om huldra og dei underjordiske. Ein kjent revejeger, *Harald Polden*, som rak rundt i fjella her fortel at han møtte huldra i nyare tid (1950åra) ein stad mellom Dybing og Giljastølen.

Han fortel :

Me skulle møtast ved Klungland krossen. Nils Buerskog og eg, søndag morgon i åtte-tida, men han kjem ikkje. Så durar eg *i* veg på «Gangaren Grå» åleine.

Revungane var store som kattungar og urene svære inne i Dybingen, så me hadde berre fenge to, revemor hadde lokka til seg resten. Nils hadde ymta om at reven sikkert kom til å flytta ungane til Giljastølen, til den kvite steinen på vestsida av vatnet der Godtfred Fuglestad hadde teke eit revehi, og dit hadde me vel og gjenge, hadde Nils vore med. Men då eg fer opp Gilja-bakkane, vert eg vår ein løypestreng som kjem ned frå heia mot Dybingen og så bøyer eg av der utan at eg retteleg veit av det.

Oppå bredda ligg ei langstrakt ur og her er synemerke etter revungane. Med børsa ferdig til skot stiller eg frametter ura, og komen til endes ser eg ein vaksen rev på ein stein. Det smell og det syner seg å vera hannen, så var det altså hoa som eg såg smyga seg over rinda der borte. Best å koma seg til lands, for først i kveldinga kan ein rekna med å få sjå ungar nå etter børseskotet.

Innpå leitet finn eg ein bekk. Her vil eg koka kjelen, turt som det er i marka. Det skal lite til for å setja heiane i brann.

Kjelen heng på ein stav i bekkanten og putrar alt. Sekken tømmer eg like godt på marka, så slepp eg rota på botnen etter det eg skal ha tak i . . .

Då, med eitt, vert eg vår ei kvinne på andre sida av myra, to børseskot borte. Ho er berrhovda i blå, lang stakk. Eg triv kikkerten, og nå ser eg henne på kloss



hald. Armane er nakne og brune, beltet kring livet blått og strarnt. Ho stend med andletet rett mot meg men kroppen elles er i profil Håret er brunt, augo grønlege. To tjukke, lange fletter heng ned framføre henne. Ho kan vera 25 - ho kan vera 35 år. Ho er ikkje noko sær sars ven utan då å vera grim. Ho stend som hoggen i stein. Ho liknar plent Werenskiolds kvinner i «Snorre». Høgbarma og stolt i

reisinga. Jau. ho er ven. Nåande ven, To ting undrar meg: - dei lange flettene og den lange stakken som når ned på marka.

Då. med eitt, lutar ho seg fram mot tuva, og den lange slakken ris opp noko bak. Eg ser ho er berrføtt, men eg ser meir: Ei tredje fletta kjem i leite under stakkekanten, brun og smal med dusk i, beintfram som er del ein kuhale . . .

Eg støkk til: Det fræser tett ved sida mi: Kjelen kokar over. Snøgt riv eg han av pinnen. Men nå er det ingen på myra.

Eg skundar meg bort over myra. Rautdkinna stend moltene over tua. Kinn mot kinn stend dei og liksom kviskrar løyndomsfulle ord til kvarandre: Dei veit noko seg imellom, noko som ingen andre veit, noko dei har sett. I myra tett ved stend far etter to små barneføter, far etter ho med dei tri lange, brune flettene . . .

Men oppe på tua strekkjer seg ei lita hand mot høgda, den tome hamsen. Ho sprikar med dei fem ljose fingrane der nett ei skinande, gul ravperle låg: den mogne molta som huldra tok ...

Om natta ligg eg i telt ved ura. Teltduken er strakt langs bergveggen og børsa stend utføre. Eg kryp inn i soveposen og snører til.

Brått vaknar eg, dagen grånar, klokka er tri. Utkvild kryp eg fram. Ei sysvorte syng og koglar. Spindeltev og grasstrå heng doggtunge og glitrar. Eg triv børsa og smyg meg inn under ei kronglefuru. Nå gjeld det å vera på vakt. Borti ura kjem eit trikanta, raudt lite hovud til syne. Dei altfor store øyro stend opp med dei store ovale opningane fram. Den litle, svarte nasen liknar mest knoppen på ein ørliten spaserstokk. Mistenksamt stirer to grønne augo inn mot krongle furua, så er det borte att. Ura ligg som utdøydd. Sysvorta syng.tt mot meg, men kroppen elles mesl i profil. Ein liten småfugl, raud i bringa, flyg no til ein lang stein i ura. Med sprikjande venger gjeng han att og fram langs steinen og piptar: Han ertar Mikkell som sikkert stirer på han frå djupna. Då, med eitt, bykser Mikkell fram, fuglen skvett unna og den halvaksne reven stirer beint inn i eldstråla frå kronglefurua. Sysvorta tagnar: Ho ser jegeren springa fram frå

steinen og græma med grådige fingrar kring den stolte, slanke skapningen som ikkje vart eldre - . .

Kva skal eg nå gjera? Det vil gå eit nytt døger før nokon ny revunge torer koma fram, men eg høyrer han gøyr. Jau, eg vil køyra ned til Egersund og tala med Nils. Eg skundar meg ned av heia, «salar» «Gangaren Grå», legg revane bak på reservehjulet og slepper laust. Er det nokon som veit kor fort véfluger kan flyga? Eg veit det: Dei véflugene *som* hev svirra rundt hannreven ned av heia, dei klarte eg ikkje køyra frå, jamvel då det gjekk på det felaste med mest 50 km i timen. Då eg runda Byrkjedals meieri, fylgde dei med, og då eg dura ned frå Gloppedalsura mot Veen, låg dei i «kjølvatnet». Dragsug? Nei det var motvind og medvind ommanidom. Véflugene leverte eg hjå Nils i Årstaddalen, utføre kjellardøra hans,

Nils er snar i snuen, for han hev så å seia sete med ventande ryggsekk, og for andre gongen den dagen durar eg gjennom Gloppedalsura. Medan me køyrer, fortel eg om hendinga innpå Gilja-heia, og då me i kveldinga sit og kokar kjelen på same pinnen ved bekken seier Nils:

- Kor var det du seier du såg dette kvinnfolket?

- Her sat eg, og bortpå myra, ved den tuva du ser, stod ho. -Ja, når me nå hev ete, skal me studera det grundig. Me gjeng over myra. Då me kjem fram lil molteluva. Gjeng eg ved sida hans og granskar nøye på andletet hans. Da han vert vår avtrykka etter dei små, nakne barnetøtene i surpe-fénet, grånar den hardbalne krigaren i andletet og seier:

- «Deltan va' forskrekkele' . . , Men her er så mangt mellom himmel og jord som me ikkje forstend.»

Harald Polden frå boka Eg har sett huldra



Torstein Gilje 2019.